



Kjære lokallagsstyre  
– sendt til leiar og nestleiar

## Lokallagsbrev juli 2011

Vår saksbehandler  
Gunnar K. Wentzel/Arild Erlien/Atle Frantzen  
71 20 28 90

Vår dato  
1. juli 2011  
Deres dato

Vår referanse  
  
Deres referanse

### Fristar:

**7. sept:** Påmelding – ”Vi sparkar i gang”  
**15.sept** Melding årsmøtedato  
**3. okt:** Påmelding Eigarskifte  
**31. okt** Lokallagsårsmøte frist

### Arnar Lyche ny organisasjonssjef i Møre og Romsdal Bondelag

Vi ønskjer Arnar Lyche hjerteleg velkomen som ny organisasjonssjef i Møre og Romsdal Bondelag med oppstart 1. september. Arnar er 47 år, bur i Molde og driv eit lite småbruk med sau på Osmarka i Gjemnes.

Han er utdanna sivilagronom ved Norges Landbrukshøgskole i allsidig jordbruk.

Arnar har jobba som ringleiar i Rauma og Vestnes Forsøksring 1993-1998, avdelingsleiar/jordbrukssjef i Gjemnes kommune i 11 år frå 1998 til 2009, og som landbruksrådgjevar i Landbruk Nordvest sidan 2009.



F. v.: Avtroppande org.-sjef Gunnar Wentzel, fylkesleiar Inge Martin Karlsvik og nyttilsett organisasjonssjef Arnar Lyche (Foto: Arild Erlien).

Som tidlegare varsla har organisasjonssjef Gunnar Wentzel ønska å gå av for aldersgrense 62 år, gjeldande frå 1. august 2011. Stillinga vart utlyst med søknadsfrist 10. mai. Det kom 10 søknadar. På slutten av styremøtet 30. mai var det ei enkel markering med kake og gåver til organisasjonssjef Gunnar Wentzel, som begynte i fylkeslaget 1. januar 1978.

**Fylkesstyret og tilsette takkar på vegne av alle medlemmar og tillitsvalde i fylket for Gunnar sin store innsats for bøndene og Bondelaget i Møre og Romsdal - for over 33 års engasjement på fylkeskontoret – frå 1. januar 1978 som organisasjons- og informasjonskonsulent før han tok over organisasjonssjefsstillinga 1. mai 1988.**

### Lokallagsårsmøta – Nytt: vedlagt framlegg til datoar i tida 3.-21. okt - melding om årsmøtedato innan 15. september

**Vedlegg:** Framlegg til datoar for årsmøta i lokallaga i perioden 3. – 21. oktober.

I nye vedtekter til Noregs Bondelag er fristen for å halde årsmøtet i lokale bondelag framskunda til innan 1. november kvart år. Årsmøtet blir kalla inn av styret.

Når lokallag held årsmøte for seint, får det følgjer for andre aktivitetar. Fylkeslaget oppmodar difor om å halde årsmøtet så tidleg som mogleg i haust, og i så god tid at evt ny leiar og styremedlemer får høve til å delta på det utvida Leiarmøtet 4.–5. nov.

#### Bondelagets Servicekontor AS

<b>Postadresse:</b> PB 2047 Moldegård 6402 Molde	<b>Besøksadresse:</b> Fannestrandveien 63. Molde	<b>Telefon:</b> 71 20 28 90	<b>Mob:</b>	<b>E-postadresse</b> more.romsdal@bondelaget.no
<b>Møre og Romsdal Bondelag</b>	<b>Org.nr.:</b> 939678670	<b>Bankkonto:</b>	8101.05.12891	<b>Internet:</b>
<b>Bondelagets Servicekontor AS</b>	<b>Org.nr.:</b> 985063001 MVA	<b>Bankkonto:</b>	8101.05. 91392	www.bondelaget.no/moreogromsdal

Vår dato  
2011-07-01

Vår referanse

Ved handsaming av arbeids- og tiltaksplan for 2011-2012, konkluderte fylkesårsmøtet i mars med eit overveldande fleirtal at fylkeslaget set opp plan for årsmøta i lokallaga i oktober. Fleire fylkeslag og andre organisasjonar som Allskog og Tine sett opp dato for årsmøta lokalt.

**Fylkeslaget set frist til 15. september for lokallaga til å fastsetje endeleg dato, og melde frå til fylkeskontoret om tid og stad for årsmøtet, og om kven ein eventuelt ønskjer besøk av. Send melding om dato til [more.romsdal@bondelaget.no](mailto:more.romsdal@bondelaget.no) eller tlf. 71202890 innan 15. sept.**

### **Styret har også i år sett opp ei "fadder-ordning" for lokallaga.**

Styremedlemmer og tilsette har ansvar for 5 lokallag kvar m.o.t. å ha kontakt med lokallaget om årsmøtet, og eventuelt delta på årsmøtet om laget ønskjer det. Men dette er ikkje til hinder for at lokallaget kan ha andre innleiar. Oppsett over styremedlemmer og tilsette "sine lokallag" er vedlagt.

Nokre lag synest det er dårlig oppmøte på årsmøtet. Fleire lag kan slå seg saman om å halde fagmøte/årsmøte. Fleire av lokallaga som er i same kommune eller er i nærleiken av kvarandre, er difor sett opp same dag.

Fylkesstyret har også vedteke at lag som ikkje har hatt årsmøte på fleire år skal slå seg saman med nabolaga, slik at medlemene får dei tilbod dei har krav på gjennom lokallaget. Lag som ikkje vil slå seg saman må halde årsmøte og stille eit styre.

Fylkeslaget eller Norges Bondelag står til rådvelde for å delta på årsmøte eller andre møter og helst når det er spesielle tema ein vil ta opp.

Forslag på døme på innkalling til årsmøte og idear til tema og innleiarar på årsmøte/temamøte i lokallaga vert sendt ut ca 10. september.

Fylkeslaget sender ca. 10. september ut **adresseetikettar og medlemsliste** over alle medlemmene i lokallaget. Etikettane kan brukast til innkalling til årsmøtet. Ta kontakt med fylkeskontoret når laget ønskjer fleire etikettar utover vinteren for andre skriv til medlemmene. I september sender vi også ut lister over innmeldte og utmeldte i lokallaget i 2011.

**Valnemnda i laget bør prøve å få minst ein tredel kvinner.**

**Valnemnda skal også kome med framlegg til evt godtgjersle til tillitsvalde i laget.**

### **Den norske Matfestivalen blir halde i Ålesund 24. - 28. august 2011**

M&R Bondelag har ikkje eige arrangement, men deltek i lag med M&R Bygdekvinnelag på stand og aktivitetar. Programmet for alle dagar på Matfestivalen ligg på [www.matfestivalen.no](http://www.matfestivalen.no), også program for Dagligvaredagen torsdag 25. august.

### **Dyregod-dagane på Batnfjordsøra i Gjemnes –2. - 4. september**

M&R Bondelag er påmeldt med stand, der det deltek frå fylkesstyret og fylkeskontoret alle dagar. Følg med på heimesida: [www.dyregod-dagane.no](http://www.dyregod-dagane.no) for programmet. Dyregod-dagane er ei flott nyskaping i regionen - messe for landbruk og bygdenæringar i Midt-Norge.

### **Miniseminar om "Lokalt næringsliv – Bygdeutvikling" på**

#### **Dyregod-dagane fredag 2. september kl. 12.00 – 13.00**

Møre og Romsdal Bondelag arrangerer i samarbeid med "Dyregod-dagane" i Gjemnes "miniseminar" på Batnfjordsøra fredag 2. september kl. 12.00 – 13.00.

**Tema er "Lokalt næringsliv – Bygdeutvikling". I panelet har vi fått fylkesordførar-kandidatane Jon Aasen (Arbeiderpartiet), Vanylven og Helge Orten (Høgre), Midsund.**

I tillegg stiller ein kvinneleg næringsutøvar frå landbruket. Fylkesleiar i Møre og Romsdal Bondelag, Inge Martin Karlsvik, vil leie samtalen/miniseminaret.

Programmet startar med matsservering.

Dyregod-dagane finn stad ei veke før valet og samlar mykje folk. Fredag ettermiddag på same stad blir det halde ein rein politisk debatt som vert overført direkte i NRK-radio Møre og Romsdal.

Vår dato  
2011-07-01

Vår referanse

## **”Vi sparkar i gang” laurdag 17. september, Rica Seilet Hotell i Molde - samrådsmøte for lokallaga i Bondelaget og Bygdekvinnelaget**

Møre og Romsdal Bondelag og Møre og Romsdal Bygdekvinnelag inviterer til felles oppstartkonferanse laurdag 17. september kl. 10.30-16.00 for styremedlemmer i lokallaga med tanke på å ”sparkar i gang” aktiviteten etter sommarferien. Konferansen startar med kaffe og rundstykke kl. 10.30. For tillitsvalde i lokale Bondelag er konferansen gratis, men lokallaget må sjølv dekke reisekostnader.

### **Påmelding innan onsdag 7. september** til

M&R Bondelag tlf 71202890 – E-post: more.romsdal@bondelaget.no

### **Program:**

Felles program før lunsj – etter lunsj organisasjonane kvar for seg. Felles oppsummering til slutt.

- Kl. 10.30: Oppmøte - kaffe og rundstykke
- Kl. 11.00-11.45 Opne bygda – Opne organisasjonen - Inkludere  
*Korleis skape eit meir open og inkluderande lokalmiljø?*  
v/ Katrine Kleveland, leiar i Noregs Bygdekvinnelag og styremedlem i Noregs Bondelag
- Kl. 11.45-12.00 Pause
- KL 12.00-12.45 Organisasjonsarbeid - Korleis kan organisasjonane arbeide?  
*Styrking av lokallagsarbeid som grunnlag for livskraftige lokalmiljø.*  
v/ Birgit Oline Kjerstad, nestleiar i Møre og Romsdal Bondelag.
- KL. 12.45-13.45 Lunsj

### **Bondelaget:**

- KL. 13.45-14.30 Det politiske arbeidet og organisasjonsarbeidet i Norges Bondelag.  
v/ Katrine Kleveland, styremedlem i Noregs Bondelag
- KL. 14.30-14.45 Kaffe-Pause
- KL. 14.45-15.30 Årsmøterunden og arbeidet i M&R Bondelag 2011/2012  
v/ fylkesstyret og fylkeskontoret.

### **Bygdekvinnelaget:**

- KL. 13.45-14.30 Inspirasjon – prosjekt i kommunen. Tiltrekke hvem - hva og hvor?  
v/ Ragnhild G. Tunheim fra Halså Kommune
- KL. 14.30-14.45 Kaffe-Pause
- KL. 14.45-15.30 Arbeidet i fylket. Hva gjør vi – hva kan/bør vi gjøre?  
v/ fylkesleiar i M&R Bygdekvinnelag, Christine Strandmann og leiar i Norges Bygdekvinnelag, Katrine Kleveland.
- KL. 15.30-16.00 Felles oppsummering for Bondelaget og Bygdekvinnelaget**  
v/ Katrine Kleveland og Birgit Oline Kjerstad

## **ARRANGØRAR AV OPEN GARD I MØRE OG ROMSDAL I 2011**

Tusen takk til arrangørlaga og vertskap slik at vi igjen får til arrangement av denne Bondelaget sin viktigaste døropnar ut til samfunnet!

DATO		ARRANGØR	VERTSKAP - GARD	KOMMUNE
20.august	Laurdag	Smøla Bondelag	Norsk Myrmuseum, Moldstad	Smøla
20.august	Laurdag	Averøy Bondelag	Bådalen samdrift - Olav Gustad	Averøy
21.august	Søndag	Todalen Bondelag	Pestua, Todalen Maren Ansnes/Asbjørn Karlsen	Surnadal
21.august	Søndag	Tingvoll Bondelag	Familien Waagen, Torjulvågen	Tingvoll
21.august	Søndag	Sykkylven Bondelag	Sunnalssetra, Aure Samdrift	Sykkylven
28.august	Søndag	Austefjord Bondelag	Tore Våde - Austefjorden	Volda

**Skjåstaddalen Bondelag** i Ørsta heldt Open Gard laurdag 25. og søndag 26. juni på Knutegarden på Bjørke i samband med bygdedagar.

Vår dato  
2011-07-01

Vår referanse

## **Temadag om eigarskifte laurdag 15. oktober kl 10.00 – 17.00 i Molde**

I fjor haust hadde vi to vellukka samlinga i Stranda og Surnadal med til saman 72 deltakarar. Vi gjentek suksessen frå tidlegare år, men held i år ei samling i Molde, som vert gjennomført i møterom i 3.etg. hos Nordmøre og Romsdal Felleskjøp, Fannestrandsv. 63 i Molde.

Advokat Ole Houlder Rødstøl står for det faglege innhaldet. I det daglege er han partner i advokatfirmaet Øverbø Standal & CO og samarbeidsadvokat for Norges Bondelag. Han har særlege arbeidsområde knytt til generasjonsskifte, generell forretningsjuss, odelsrett og skatt/arveavgift. Temadagen har ikkje som formål å setja deltakarane i stand til å gjennomføra eit eigarskifte på eiga hand. Derimot blir det fokus på:

- Planlegging av eigarskifte – regelverk.
- Gjennomføring av eigarskifte – regelverk.
- Kva partane kan gjera på eiga hand og kva det bør søkjast hjelp til, m.v.

Målgruppe er i utgangspunktet alle som har tilknytning til garden, både ny og gamal generasjon, som skal inn i eller er inne i ein eigarskifteprosess.

Kurset er gratis for medlemar i Norges Bondelag. Deltakaravgift kr 400,- for andre.

**Påmelding innan måndag 3. oktober** til Møre og Romsdal Bondelag, tlf 71 20 28 90 eller [more.romsdal@bondelaget.no](mailto:more.romsdal@bondelaget.no) .

**Vi ber lokale Bondelag marknadsføre og gjere temadagen kjent overfor aktuelle deltakarar.**

## **Leiarmøtet og kurs for heile styra i lokallaga Molde fredag 4. og laurdag 5. november 2011 på Rica Seilet Hotell i Molde - MERK DATO**

Også til årets Leiarmøtet **inviterer vi heile styret i lokallaga!** Lokale tillitsvalde kan **melde seg på ein eller to dagar.**

Fredag blir det temakurs: 1) For nye styremedlemer i laga. 2) Tema- kurs

Laurdag blir det meir vanlege næringspolitiske og faglege saker felles for alle.

(Vi er merksame på storsamlinga for tillitsvalde i samvirke på Sunnmøre og sørover: AgroNordVest i Loen 3.-5. nov)

## **Samling for unge nye bønder - laurdag 28. og søndag 29. januar 2012**

Samling for unge, nye bønder er halde kvart andre år, m.a. på grunn av liten påmelding. Men i 2011 hadde vi over 80 deltakarar. Fylkesstyret har difor beslutta at det også i 2012 vert halde samling, og denne gang laurdag og sundag.

Dato er laurdag 28. og søndag 29. januar 2012. Stad vert fastsett seinare.

## **Fylkesårsmøte i M&R Bondelag fredag 9. og laurdag 10. mars 2012**

**MERK av datoen.** Blir halde på **Rica Seilet Hotell** i Molde. I forkant av årsmøtet vert det fredag Landbrukskonferansen i lag Fylkesmannen og Landbruk Nordvest.

## **Arbeidet med Rekruttering – Likestilling - Kompetanse – held fram**

Møre og Romsdal Bondelag fekk kr 400.000 av midlane frå LMD formidla via fylkeskommunen til målretta og gjennomføring av konkrete oppgåver innan rekruttering, likestilling og kompetanse for perioden 2010-2011. Fylkeslaget har søkt og også fått innvilga kr 300 000 til 2011-2012.

Vi meiner arbeidet med rekruttering første året har vore ei vitamininnsprøyting, endra fokus i organisasjonen positivt, og det er gode tilbakemeldingar. Styret ser det som ønskjeleg å halde fram det prosjekt-orienterte arbeidet med Rekruttering over ein 3-årsperiode, og fullføre dei tiltaka som berre er oppstarta.

Vi vil difor oppmode lokallaga om å ta tema – Rekruttering – Likestilling – Kompetanse – spesielt inn i dykkar vanlege arbeid framover, slik vi vil gjere. Vi vil gjerne samarbeide om tiltak og evt finansiering. Under kompetanse ønskjer vi satsing på faglege kurs. Vi vil arbeide for rekruttering til Gjermundnes, og prøve å få ei kortare supplerande utdanning som agronom der.

## **Kommune- og fylkestingsvalet - måndag 12. september 2011**

Vi står foran eit kommuneval og eit fylkestingsval, der også landbruket og distrikta sine rammevilkår **må** bli sett på dagsorden. Men for at det skal skje, må vi bidra aktivt sjølv – både fylkeslaget og lokallaga. Det er viktig at vi alle informerer om landbrukspolitikk og pratar med politikarane fram mot valet ved m.a. å skrive innlegg eller stille spørsmål i lokalmedia, møte opp på valmøte og andre arrangement med direkte spørsmål til politikarane eller andre tiltak.

**HUGS:** Inviter/tips lokalmedia så snart ein har noko på gang. Også i år vil vi oppleve at valkampen vert ført i media. Dette veit politikarane, og det må vi også nytte oss av.

**Lokallag med fylkesordførarkandidat frå eigen kommune bør ha eit særleg ansvar for oppfølging. Fleire lag kan gå saman om valkampaktivitetar, oppsøke listetoppar, invitere til frukost-/kaffebesøk på garden m.m.** Det er ein fin måte å få kontakt og bli kjent med politikarane.

Møre og Romsdal Bondelag har **laga eit skriv (vedlagt)** om landbruket i fylket med argument, standpunkt og fakta om næringa. Dette er no i juni sendt alle 243 førstekandidatane på alle partilister i 36 kommunar, samt til dei 84 fremste kandidatane i partia som stiller liste ved fylkestingsvalet. Alle har også fått tilsendt kommunebrosjyra om landbruket i eigen kommune.

**Vedlagt kommunebrosjyra – lokallaga kan bestille fleire ved å kontakte fylkeskontoret.**

**Brosjyra ligg også ute i PDF på vår heimeside:**

<http://www.bondelaget.no/fakta-om-landbruket-i-kvar-kommune/category3100.html>

Norges Bondelag arbeider med ein informasjonspakke til fylkes- og lokallaga, m.a. eit hefte med informasjon og oppsummering av Norges Bondelags syn på utvalde område, og eit tipsark for tiltak som kan setjast i verk lokalt og på fylkesnivå.

20. juni sendte Noregs Bondelag i samarbeid med Landbrukets Utredningskontor ut ei spørjeundersøking til listetoppene i alle kommunar via Questback.

Fylkeslaga samla inn e-postadressene på førehand. Målet er å undersøkje meiningar om landbruksnæringa hos listetoppene til kommune- og fylkestingsvalet.

Svara vil i august/sept bli meddelt lokallaga i Bondelaget, samt at svara vil bli samanstilt nasjonalt.

## **Medlemsverving: 74 nye medlemmer sidan nyttår!**

Medlemsverving bør vere tema på alle styremøte. Noregs Bondelag prioriterer arbeidet med verving og medlemskontakt m.a. med premiering til laget på kr 200 pr nytt medlem. Vi har stort medlemspotensiale – berre i overkant 50 prosent av alle bønder i M&R er medlemmer i Bondelaget, men med over 80% i nokre lag! **Vedlagt medlemsutviklinga frå 1. jan til 1. juli 2011.** Fylkeskontoret sender i september, i god tid før årsmøta i lokallaga, ut medlemslistene og inn- og utmeldingar hittil i år til alle lokallag. Bruk listene for planmessig vervearbeid utover hausten.

## **Foran jordbruksforhandlingane 2011 – Rapportering av studiearbeid**

Vi minnar om at lokallaga har fått tilsendt søknadsskjema, deltakar-/frammøteliste og materiellkvittering i samband med at studiehefta vart utsend til alle lokallag. Det er viktig for Norges Bondelag at alt som kan registrerast som kursaktivitet i samband med gjennomgangen av hefta vert innrapportert. Vi minnar difor om at alle som har hatt aktivitet som kan rapporterast som kurs-/studieaktivitet sender inn nemnte skjema så raskt som muleg. Kravet er minimum 12 timar og 5 deltakarar, inkludert møter eller liknande som er gjennomført i samband med gjennomgangen av studieheftet og utarbeiding av svar/kommentarar til spørsmål.

Det tilskotet som Norges Bondelag får berre på kursa på jordbruksavtala er fleire hundre tusen kvart år og bidreg til å redusere behovet for bruk av kontingentpengar til produksjon og distribusjon av studiehefta foran jordbruksforhandlingane. Så takk til de som har hatt studiering.

Vår dato  
2011-07-01

Vår referanse

## Kurskalender for Møre og Romsdal

Kurskalender for kurs og samlingar er lagt ut på heimesidene til Møre og Romsdal Bondelag, <http://www.bondelaget.no/moreogromsdal>

Oppdatering skjer jevnleg gjennom at fylkeslaget hentar informasjon frå organisasjonane sine heimesider. Kurskalenderen vil bli utvikla vidare både når det gjeld innhald og distribusjon.

### KURSKALENDER HAUST 2011

Pr. 29.06.2011

KURS/TEMA	DATO	STAD	PRIS	PÅMELDING	ARRANGØR
<b>Temadag – Eigarskifte</b>	15. oktober	Molde		Tlf 71 20 28 90	Møre og Romsdal Bondelag
<b>Avløysarkurs – 5 dagar</b> For nye avløysarar Tema: Mjølkeproduksjon	Høst 2011	Sunnal/ Tingvoll		<a href="mailto:nordvest@n-lt.no">nordvest@n-lt.no</a> 464 24 400	Landbruk Nordvest
<b>Avløysarkurs – 5 dagar</b> For nye avløysarar Tema: Mjølkeproduksjon	Høst 2011	Rauma		<a href="mailto:nordvest@n-lt.no">nordvest@n-lt.no</a> 464 24 400	Landbruk Nordvest
<b>Avløysarkurs – 5 dagar</b> For nye avløysarar Tema: Mjølkeproduksjon	Høst 2011	Ørsta		<a href="mailto:nordvest@n-lt.no">nordvest@n-lt.no</a> 464 24 400	Landbruk Nordvest
<b>Maskinførarkurs</b>	27.-30.10.	Ørsta		<a href="mailto:sunnmøre@lr.no">sunnmøre@lr.no</a> 70 16 61 53	Norsk Landbruksrådgiving Sunnmøre
<b>Gjetarhundkurs</b>	6.- 7.8.	Stette		Vidar Sunde, tlf 905 46 715	Midtre Møre Gjetarhundlag

## Følg med på heimesida: [www.bondelaget.no/moreogromsdal/](http://www.bondelaget.no/moreogromsdal/)

Alle pressemeldingar, meldingar og info med bileter frå aktivitetar vert fortløpande lagt ut her.

## Kven bør få kulturlandskapsprisen 2011?

Fylkesmannen i Møre og Romsdal vil også i år dele ut sin kulturlandskapspris. Dei inviterar lag, organisasjonar, kommunar og einskildpersonar til å kome med forslag til prisvinnar innan 15. august. Prisen går til ein eller fleire gardbrukarar som utmerkar seg med miljøvennleg drift. Aktuelle kandidatar skal vurderast etter desse kriteria:

- At ålmenta har tilgang til å oppleve kvalitetar i landskapet gjennom friluftsliv og rekreasjon
  - At drifta medverkar til ei positiv fokusering på dei verdiane som landbruket representerer.
- Kandidatane bidreg dermed til eit opnare landbruk i tillegg til eit ope landskap
- At kandidatane med utgangspunkt i kulturlandskapet og lokale tradisjonar har skapt ny næring på garden
  - At det vert teke omsyn til kulturminne, byggeskikk og andre miljøverdier som til dømes biologisk mangfald i drifta
  - At drifta tek omsyn til miljøutfordringar på bruket og i nærområdet

Alle kriteria treng ikkje å vere oppfylt på ein gong, men mottakar av prisen må vera ein god ambassadør for bygde-Norge og for landbruket. Det er ein føresetnad at gardsbruket er i aktiv drift, og at miljøkrava i forskrift om produksjonstilskot i jordbruket oppfylte. Det bør vere eit kvalitetssystem (KSL) på bruket som fyller minstekrava i plante- og husdyrproduksjonen.

Dei siste års mottakarar av kulturlandskapsprisen har vore :

- 2003: Bodil og Tor Lie i Stranda kommune, fjordvendt fjellgard med geitemjølkeproduksjon
- 2004: Fjørtoft og Harøy Bondelag, Uksnøya Villsaulag og Fjørtoft Beitelag i Haram kommune, gjenskaping av verdifullt kulturlandskap ved hjelp av utegangarsau
- 2005: Dravlausstølen og Drotninghaugstølen i Sykkylven kommune, aktiv sæterdrift, økologisk drift, aktivt kulturlandskapsarbeid
- 2006: Reidun Bjorland Rødset og Lars Rødset i Sunndal kommune, mjølkeproduksjon, hus- og hytteutleige med basis i gamle bygningar på garden og setra
- 2007: Ann Iren Rong Torheim og Anders Torheim i Fræna kommune Mjølke- og kjøttproduksjon. Stort engasjement og innsats for ålmenta og lokalsamfunnet
- 2008: Marit Kvam og Arnfinn Lislien i Rauma kommune, setring med foredling av mjølk til smør og rømme, drift av kulturlandskap i bratte områder som er viktig for landskapsbilete
- 2009: Lingebygda v/Linge grunneigarlag
- 2010: Pål Svisdal, Sunndal. Mjølkeproduksjon og sau. Skjøtsel av store områder i øvre Sunndal

**Forslag må innehalde bilete og ei kort skildring av bruket, og skal sendast innan 15. august til:**

**Fylkesmannen i Møre og Romsdal, landbruksavdelinga, Fylkeshusa, 6404 Molde.**

**Kontaktpersonar: [Kari Wiggen](mailto:kari.wiggen@fylkesmannen.no), Tlf. 71258155/ Mob. 913 20 769 [Byrge Fitje](mailto:byrge.fitje@fylkesmannen.no), Tlf. 71258144/ Mob. 416 29 502**

Vår dato  
2011-07-01

Vår referanse

**Fellesferie fylkeskontoret mandag 4. juli t.o.m. fredag 29. juli**

Dei tilsette ved fylkeskontoret tek fellesferie frå og med mandag 4. juli til og med fredag 29. juli. I desse vekene er kontoret stengt. Men dersom det hastar kan du gjerne ta kontakt med sekretariatet, med fylkesleiar eller Noregs Bondelag sentralt.

**Andre vedlegg:**

- ✓ Protokoll frå styremøtet 30. mai
- ✓ Liste over tillitsvalde i fylkeslaget og leiarar i lokallaga pr. 1. juli 2011
- ✓ Pressemelding og bilete frå M&R Bondelag frå årsmøtet i Norges Bondelag

***Vi ønskjer dykk og familien god sommar og vel møtt til nye samlingar!***

*Med vennleg helsing*

*Inge Martin Karlsvik (leiar) Birgit Oline Kjerstad (nestleiar)  
Anne Katrine Jensen Hans Fraffjord Arne Rekkedal Erik Olufsen (1. vara)*

*Anne Turid Myrbostad (sekr) Atle Frantzen (org kons)  
Arild Erlien (rådgjevar) Gunnar K. Wentzel (org sjef)*

På slutten av fylkesstyremøtet 30. mai 2011 var det ei markering med kake og gåver til organisasjonssjef Gunnar Wentzel, som går av for aldersgrense 62 år, gjeldande frå 1. august 2011.

